



Arkivnr: 2017/1522-12
Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.05.2017

Tilskot til viltformål 2017

Samandrag

Under forvaltinga av haustbare, ikkje truga viltartar, fordeler fylkeskommunen årleg tilskotsmidlar til villtiltak frå det statlege viltfondet. Målgruppe er frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og einskildpersonar. Søknadsfristen var 15. januar.

Det kom 11 søknader, der 3 gjeld hjortevilttiltak og 8 gjeld andre, lokale villtiltak. Samla omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune er på kr 738.000. Fylkeskommunen har i år fått kr 400.000 til fordeling, der kr 100.000 er øyremerka til prosjektet "Forvaltning av hjortebestand". Det vert føreslått å fordele kr 400.000 til villtiltak som vist i forslaget til vedtak i saka. Størst tilskot er føreslått til prosjektet "Forvaltning av hjortebestand" (2013-2017), som er ei større satsing for å organisere den grunneigarstyrte hjorteforvaltinga i større, meir føremålstenlege bestandsplanområde. I saka er det kort omtale og vurdering av den enkelte søknad. Ut frå formulering i Miljødirektoratet sitt løyvingsbrev til fylkeskommunen, kan det kanskje tenkjast ei tilleggsløyving på kr 100.000, som i tilfelle vert føreslått å gå til prosjektet Forvaltning av hjortebestand.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler følgende tilskot til vilttiltak i 2017, under vilkår som vil framgå av tilsegnsbrev. Ei eventuell tilleggsløyving på inntil kr 100.000 i 2017 skal gå til prosjekt nr 1 (Forvaltning av hjortebestand).

Nr	Søkjær	Tiltak	Tilskot kr
<i>Lokale vilttiltak - hjort, elg, rådyr</i>			
1	Vestskog	Forvaltning av hjortebestand (2017)	200 000
2	Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog	50 000
3	Norsk Villreinsenter Sør	GPS-merking villrein HV & NF, ferdsel HV	0
<i>Lokale vilttiltak m.v.</i>			
4	Lars K. Brekke	Førebygging mot viltskade	0
5	Raymond Skaar	Uttak av mink i fuglefredningsområder	0
6	NINA (Norsk inst. for naturforskning)	Gjentak av rypejegerundersøking	10 000
7	NINA	Raudrev på Hardangervidda	45 000
8	NINA	En levende kyst - samspill oter, mink og sjøfugl	25 000
9	NINA	Forstyrrelse på dyreliv – WEBbro til forvaltningen	20 000
10	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter 2017	10 000
11	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett	40 000
Sum vilttiltak (kr)			400 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.04.2017

Under forvaltninga av haustbare, ikkje truga viltartar, fordeler fylkeskommunen årleg tilskot til viltformål frå den statlege tilskotsposten Kap. 1425 post 71.3 *Tilskot til viltformål, Lokale vilttiltak m.v.* Tilskotsmidlane har opphav i innbetalte jeger- og fellingsavgifter til det statlege viltfondet. Tilsvarende sak i fjor vart handsama av Kultur- og ressursutvalet på møtet 10. mai, sak PS 73/2016.

1 Søknader

Søknader om tilskot til viltformål vert fremja i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet innan 15. januar. Det har kome til saman 11 søknader, derav 3 søknader om tilskot til *Hjortevilttiltak* og 8 søknader om tilskot til *Lokale vilttiltak m.v.* Oversikt over søknadene er vist i tabell 1, med forslag til tilskot (kr) i kolonna lengst til høgre. Tabellen viser også total kostnad for det enkelte tiltak og omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Føreslåtte fordeling av tilskot for søknadane nr 4, 5, 8, 9, 10 og 11 er gjort etter samordna søknadsbehandling på sakshandsamarnivå med tilskotsmidlar til vilt- og fiskeformål som Fylkesmannen i Hordaland fordeler, og tilskotsmidlar til friluftaktivitet som fylkeskommunen fordeler, jf. forventning om samordna søknadsbehandling i Prop. 1 S.

Tabell 1: Oversikt over søknader om tilskot til vilttiltak i 2017. Beløp er i kroner.

Nr	Søkjar	Tiltak	Total kostnad	Søkt Hfk	Tilskot Forslag
		Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr			
1	Vestskog	Forvaltning av hjortebestand 2013-2017	300 000	300 000	200 000
2	NIBIO Fureneset	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog (2017)	920 000	50 000	50 000
3	Norsk Villreinsenter Sør	GPS-merking villrein HV&NF, ferdsel HV	2 173 000	100 000	0
		Lokale vilttiltak m.v.			
4	Lars K. Brekke	Søknad til førebygging mot vilt skade	92 000	92 000	0
5	Raymond Skaar	Uttak av mink i fuglefredningsområder	25 000	25 000	0
6	NINA (Norsk institutt for naturforskning (NINA))	Gjentak av rypejegerundersøking	950 000	10 000	10 000
7	NINA	Raudrev på Hardangervidda	235 000	45 000	45 000
8	NINA	En levende kyst - samspill oter, mink og sjøfugl	705 250	26 000	25 000
9	NINA	Forstyrning på dyreliv – WEBbro til forvaltningen	1 580 000	30 000	20 000
10	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter 2017	30 000	15 000	10 000
11	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett	120 000	45 000	40 000
		<i>Sum hjortevilttiltak (kr)</i>	3 393 000	450 000	250 000
		<i>Sum lokale vilttiltak m.v. (kr)</i>	3 737 250	288 000	150 000
		Sum alle tiltak (kr)	7 130 250	738 000	400 000

2 Tilskotsmidlar i 2017

Hordaland fylkeskommune fekk i brev frå Miljødirektoratet datert 22.02.2017, kr 400.000 til fordeling på søknader om tilskot til viltformål. Ifølgje brevet omfattar løyvinga ei tilleggsløyving på kr 100.000 som er øyremerka til prosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013-2017». Hordaland fylkeskommune fekk same løyving og øyremerking i 2016, men påpeikte då at løyvinga i realiteten var redusert med kr 100.000 i forhold til løyvinga på kr 500.000 både i 2014 og 2015, og at løyvinga var tilbake på same nivå som i åra 2011-2013. Etter påpeiking av dette fekk Hordaland fylkeskommune i 2016 overført ytterlegare kr 100.000,

til saman kr 500.000. Det er gjort same påpeiking i år. I år står det dessutan i Prop. 1 S (side 141) at underposten 71.3 (Tilskudd til viltformål, lokale villtiltak m.v.) er auka med 4 millionar kr i 2017, og at auken vil føre til at fylkesmenn og fylkeskommunar kan løyve meir midlar til lokale prosjekt.

I samsvar med Forskrift om kommunale og fylkeskommunale villfond står tilskotsmidlane på bunde driftsfond som utelukkande kan brukast til viltformål. Til disposisjon for viltformål i 2017 er det ca kr 397.000, når det er trekt frå tilsegner som er gitt tidlegare år som enno ikkje er søkt utbetalt.

3 Nærare om tilskotsordninga

I Prop. 1 S (2016-2017) er tilskotsposten til viltformål (Post 71) retta mot resultatområda *Naturmangfald* og *Friluftsliv*. Under naturmangfald skal midlane bidra til å nå det nasjonale målet om at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. Under resultatområdet friluftsliv er måla at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles, og område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teke vare på.

Målet for tilskotsordninga (post 71) er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av viltet, og at naturens produktivitet og mangfald blir teke vare på nasjonalt og regionalt.

Kriterium for måloppnåing er om ordninga gjennom støtte til god forvaltning av viltet på nasjonalt og regionalt nivå medverkar til at det blir eit haustingsverdig overskot og slik at produktivitet og artsmangfald i naturen blir ivareteke. Tiltaka som blir sett i verk skal medverke til å gje eit betre kunnskapsunderlag om artar og bestandar, eller om korleis dei kan haustast på beste vis. Effekten av tilskota må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

I Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv T-1/16 *Tilskotsordningar for 2017* er det lista opp følgjande tiltakstypar som kan få tilskot under post 71 (Tilskot til viltformål):

- a) Tilrettelegging for og rekruttering til jakt.
- b) Informasjon om jakt og jaktmoglegheiter.
- c) Kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunar og regionar.
- d) Innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova.
- e) Oppretting og drift av lokale samarbeidsråd.
- f) Deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid.

Søknader om tilskot til tiltak som inngår som del av ein plan vil bli prioriterte.

Søknader som gjeld haustbare viltarter, unnateke villrein, grågås og kortnebbgås, skal adresserast til fylkeskommunen i det fylket der tiltaket skal gjennomførast. Søknader om ikkje haustbare viltarter og villrein, grågås og kortnebbgås skal adresserast til Fylkesmannen. Søknader frå sentralorgan i landsdekkande organisasjonar skal adresserast til Miljødirektoratet. Ettersom fylkesmannen på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt forvaltningsområde er det krav om god samordning av bruken av midlane.

I Prop. 1 S er det nærare omtale av Post 71 (Tilskot til viltformål). Der er det i tillegg til punkta a-f ovanfor lista opp følgjande to tiltakstypar som kan støttast:

- Forskings- og studentoppgåver
- Andre særleg prioriterte viltformål

Vedkomande dei to punkta over, er formuleringa i *Forskrift om tilskudd til viltformål* at det kan gjevast tilskot til *forvaltningsrettet forskning og overvåking*. Endeleg er det også i *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale villfond* lista opp kva tiltak som kan støttast, og dessutan kva som ikkje kan støttast.

I Prop. 1 S er tilskotsposten til viltformål (Post 71) inndelt i følgjande underpostar: 71.1 *Hjortevilttiltak*, 71.2 *Viltreintiltak*, 71.3 *Lokale vilttiltak m.v.* og 71.4 *Viltovervaking*. Tilskotsmidlane til fylkeskommunen er lagt inn på underposten 71.3 (*Lokale vilttiltak m.v.*), men omfattar også hjortevilttiltak.

Underpost 71.1 (Hjortevilttiltak)

Underposten skal dekkje tiltak knytt til forvaltning av hjortevilt. Midlar blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m.

Underpost 71.3 (Lokale vilttiltak m.v.)

Midlane skal nyttast til tilskot i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta.

4 Tilskotsprioriteringar i Hordaland

Fylkeskommunen har årleg, frå og med 2010, fordelt tilskot til viltformål frå det statlege viltfondet. I 2010, då løyvinga til fylkeskommunen var fordelt på hjortevilttiltak (post 71.1) og lokale vilttiltak m.v. (post 71.3), fekk Hordaland og Sogn og Fjordane høvesvis 2 og 3 gonger så mykje til hjortevilttiltak som til lokale vilttiltak. Begge fylka er store hjortefylke, og hjorteforvaltninga er omfattande for jaktrettshavarane og kommunane. I åra 2011-2016 har Hordaland fylkeskommune gitt vel tre gonger så mykje til hjortevilttiltak som til lokale vilttiltak.

Ved forvaltning av hjort og elg skal bruk av bestandsplan vere hovudregelen. Kommunen skal legge til rette for og stimulere jaktrettshavarane til å planlegge ei god, målretta bestandsforvaltning gjennom utarbeiding av bestandsplan. I den samanheng er det ei av kommunen sine oppgåver å stimulere til etablering av hensiktsmessige vald, bestandsplanområde og bestandsplanar. I åra 2010-2013 brukte fylkeskommunen i spleiselag med kommunane mest tilskotsmidlar på prosjektet «Hordahjort», for å kartleggje trekk og årsleveområde til hjort. Der fekk ein meir kunnskap om kva som kan vere hensiktsmessige bestandsplanområde, og det vart utarbeidd eit kart med forslag til å dele fylket og tilgrensande område inn i til saman ca 20 bestandsplanområde for hjort. Prosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013-2017» er eit oppfølgingsprosjekt for å få etablert slike hensiktsmessige bestandsplanområde med organisering og bestandsplan. Hordaland fylkeskommune og dei andre fylka på Vestlandet har årleg 2014-2017 fått øyremerka tilleggslyyving frå Miljødirektoratet til sistnemnde prosjekt.

Som nemnt skal søknader om vilttilskot adresserast til fylkeskommunen i det fylket der tiltaket skal gjennomførast. Mange av prosjekta er gjerne fylkesoverskridande, og nokre prosjekt er landsdekkande - med overføringsverdi til andre fylke, og det kan vere søkt om tilskot frå fleire eller alle fylkeskommunane. For nokre prosjekt er det gjerne også søkt om tilskot frå fylkesmannen. Dei fleste fylkeskommunar og fylkesmenn vil gjerne ha ein strategi der det først og fremst er tiltak i eige fylke som vert støtta. Frå og med 2014 har det vore krav om at alle søknader om tilskot til viltformål skal saksbehandlast i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet. For fylkesoverskridande prosjekt får ein der oversikt over kven som har gitt tilskot. I 2014-2016 har Hordaland fylkeskommune gitt relativt mykje tilskot til fylkesovergripande prosjekt samanlikna med dei fleste andre fylkeskommunar og fylkesmenn, utan at ein kan sjå at dette har gitt seg utslag i større løyving til Hordaland fylkeskommune.

5 Omtale og vurdering av søknadane

Det følgjer kort omtale og vurdering av den enkelte søknad i same rekkefølge som dei har i tabell 1.

Lokale vilttiltak - Hjortevilt

5.1 Vestskog: Forvaltning av hjortebestand 2017

Prosjektet Forvaltning av hjortebestand (2013-2017) starta opp i Hordaland i 2014 og er inne i sitt siste år.

Hovudmålet i prosjektet er å få etablert bestandsforvaltning av hjort i Vestland fylke. Det skal utarbeidast bestandsplan og vedtekter for samarbeid i det enkelte bestandsplanområde. Skogeigarlaget Vestskog SA er prosjekteigar og prosjektleiar. Prosjektskildringa frå 2013 viser årleg kostnad i Hordaland på vel 1 million kr, der det inngår 1400 timeverk, tilsvarande 80% stilling. I tillegg kjem utgifter til reise og rådgjevingsmøter m.m. Prosjektet er søkt finansiert med villtilskot frå fylkeskommunane, Miljødirektoratet, og årleg støtte på kr 20.000 (eks. mva) frå den enkelte kommune som ønskjer å vere med i prosjektet.

Vurdering: Prosjektet er ei naturleg oppfølging etter prosjektet «Hordahjort» (2008-2013), der det vart føreslått ca 20 bestandsplanområde for hjort i fylket. Bruk av bestandsplan skal vere hovudregelen ved forvaltning av hjort og elg, og er i hovudsak grunneigarane (jaktrettshavarane) sitt ansvar. Kommunane skal stimulere til etablering av føremålstenlege vald og bestandsplanområde, uavhengig av administrative grenser. Prosjektet går i hovudsak ut på å motivere grunneigarane (jaktrettshavarane) til å ta større forvaltingsansvar ved å etablere føremålstenlege (store nok) bestandsplanområde. Med ca 665 hjortevald i fylket, er det mykje arbeid som skal til for å få valda til å samarbeide om forvaltninga i større bestandsplanområde. Dei fleste kommunane er positive til prosjektet. I Miljødirektoratet sitt løyvingsbrev står det:

I tilknytning til det omfattende arbeidet i regi av Sogn og Fjordane Skogeigarlag/Vestskog med organisering av hjorteforvaltningen, er det også for 2017 lagt inn en øremerket økning på 100 000 kr til Hordaland og Sogn og Fjordane. [...] Hensikten er at de respektive fylkeskommuner skal ha mulighet til i større grad å involvere seg i prosjektet. Det forventes at disse midlene kommer i tillegg til det som de respektive fylkeskommuner legger inn av ressurser i dette arbeidet. 2017 er det siste året i dette prosjektet, og derfra vil det for kommende år ikke bli lagt inn en slik øremerking.

Konklusjon: Det vert rådd til å støtte prosjektet med kr 200.000 i 2017, mot omsøkt kr 300.000. Det vert føreslått å støtte prosjektet med kr 300.000 dersom Miljødirektoratet aukar løyvinga til fylkeskommunen i år til kr 500.000, slik løyvinga var i 2014-2016.

5.2 NIBIO Fureneset: Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog 2016-2018

NIBIO Fureneset (Norsk institutt for bioøkonomi) skal gjere registreringar i ungplantefelt av gran og furu, naturlege foryngingsfelt i furu og i ung produksjonsskog for å finna omfang av beiteskade av hjort i ulike vekststadiet i utvalde område f.o.m. Ryfylke t.o.m. Sør-Trøndelag. Registreringane skal nyttast til berekning av skadeomfang og økonomisk tap, og som eit av fleire hjelpemiddel i viltforvaltninga til bestandsregulering på berekraftig nivå. Materiale frå Landsskogtakseringa vil og bli nytta i vurderinga, gjennom etablert samarbeid.

Samarbeidspartar og/eller medfinansieringskjelder i prosjektet er Vestskog, Allskog, kommunar, fylkesmenn og fylkeskommunar på Vestlandet, Skogfondet i enkelte kommunar på Vestlandet og Miljødirektoratet. Samla økonomisk ressursstrøng på det treårige prosjektet er på ca 1,77 mill. kr, der ca 1,18 mill. kr. vert søkt skaffa regionalt frå medfinansieringskjelder. Det er søkt om tilskot frå dei fem fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Samla omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune er på 130.000 for det treårige prosjektet, derav kr 50.000 i år.

Vurdering: Det er ønskeleg med eit slikt kunnskapsbasert prosjekt der det vert gjort ein systematisk studie av skogskade som følgje av hjortebeiting no når bestandstettleiken av hjort har vore historisk høg. Prosjektet vil bidra med nyttig kunnskap om kva som er berekraftig tettleik av hjort i forhold til skogskade. Når kommunane skal vedta mål for bestandsutviklinga, skal det blant anna takast omsyn til skadar på skogbruk. Søknaden viser at prosjektet inngår i ein større samanheng i forhold til anna arbeid som er gjort. Prosjektet er omfattande, med mange samarbeidsaktørar og bidragsytarar, som koplær kunnskapsmiljø, forvaltning og skogeigarsida.

Konklusjon: Det vert føreslått å støtte prosjektet som omsøkt også i år med kr 50.000.

5.3 Norsk Villreinsenter Sør: GPS-merking villrein Hardangervidda og Nordfjella, ferdseil Hardangervidda (2017-2019)

Formelt vart det konstituert eit GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og Nordfjella i desember 2016, under fagleg leiing av Norsk institutt for naturforskning (NINA), sekretariat ved Norsk villreinsenter sør og Fylkesmannen i Buskerud. Hovudformålet med prosjektet er å framskaffe ein god og heilskapleg kunnskapsplattform for framtidig bruk, planlegging og forvaltning av Hardangervidda. Fullstendig prosjektskisse er i følgje søknaden under utarbeiding og vil bli ettersendt. Prosjektet er inndelt i 5 delprosjekt (arbeidsgrupper), og for delprosjekt/arbeidspakke 3 – Ferdseil, er det for 2017 søkt Hordaland fylkeskommune om viltilskot på kr 100.000 av totalt kr 1.273.000 til delprosjektet i 2017. Delprosjektet er i regi av NINA og dreiar seg om ferdseilsundersøkingar på Hardangervidda.

Vurdering: Prosjektet dreiar seg undersøkingar i forhold til forvaltning av villrein. På regionalt nivå er det Fylkesmannen som er rett adressat for slike søknader.

Konklusjon: Søknaden kjem ikkje inn under tiltak som kan støttast av viltilskot frå fylkeskommunen.

Lokale viltiltak

5.4 Lars K. Brekke: Søknad til førebygging mot vilt skade

Brekke søker om tilskot på i alt kr 92.000 for to år (kr 46.000 årleg) til førebygging mot viltskade. Søklar driv med ordinær sauedrift på Tysnes, med nærare 90 vinterfora sauer, og har ifølgje søknaden eit stort tap av lam på innmarksbeite, i alt 45 lam, utan at tidsrommet for tapet er spesifisert. I søknaden er det opplyst om at det vart felt 5 revar om hausten, at det er registrert to kongeørnar med reir nær beitet, og at det er sett spor og observasjon av gaupe i området. Dei største kostnadspostane i søknaden er eiga løn og leigd løn på til saman kr 30.000, kjøp av 5 viltkamera (til saman kr 26.000), 3 revebåsar (kr 21.000), samt transport og diverse. Søknaden er også sendt til Fylkesmannen i Hordaland.

Vurdering: Tiltaket fell strengt tatt ikkje inn under nokon av tiltakstypene som kan få tilskot frå fylkeskommunen, jf. opplistinga av tiltakstyper frå rundskriv T-1/16 i kapittel 4.1. Det vert heller ikkje vurdert at tiltaket kan prioriterast under punktet «andre særleg prioriterte viltformål». Problem med lammetap lokalt bør i tilfelle takast opp med kommunen som lokalt landbruks- og viltmynde, for vurdering av kva som evt kan vere effektive tiltak. Det er nok mange liknande utfordringar rundt omkring i kommunane.

Tilretteleggjande tiltak for auka jakt på rev på Tysnes kan kanskje vere eit aktuelt tiltak, kanskje innføre skotpremie på rev? - men heller ikkje det er noko som kan støttast under tilskotsordninga.

Konklusjon: Det vert rådd til å ikkje støtte tiltaket.

5.5 Raymond Skaar: Uttak av mink i fuglefredningsområder

Tiltaket er å ta ut mink i fuglefredningsområde i Sund og Austevoll kommunar våren 2017. Målet er å utrydde all territoriell mink i fuglereservata og nærliggjande område før hekkesesongen for sjøfugl. Omsøkt tilskot skal gå til løn for jakt i området i 4-5 dagar. Tiltaket er i samråd med Fylkesmannen i Hordaland, og det er også søkt om viltilskot til prosjektet frå Fylkesmannen i Hordaland.

Vurdering: Mink er ein framand og svartelista art. Tiltaket er strategisk og målretta, i samsvar med forvaltningsplan for sjøfuglreservat i Hordaland (2014) og *Handlingsplan mot amerikansk mink* (DN-rapport 5-2011). Tiltaket er ei oppfølging av liknande prosjekt som fekk tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune i 2014 og 2016. Tiltaka er vurdert å ha god effekt. Tiltaket vert i år støtta fullt ut av Fylkesmannen i Hordaland.

Konklusjon: Det vert ikkje gitt tilskot til prosjektet, då det vert støtta som omsøkt av Fylkesmannen i Hordaland.

5.6 NINA (Norsk institutt for naturforskning): Gjentak av rypejegerundersøking

Det vart i 2007 gjennomført ei rypejegerundersøking i regi av Rypeforvaltningsprosjektet (2006-2011). Det er søkt om tilskot for å gjenta rypejegerundersøkinga i 2017. Dei siste 10 åra har det skjedd ein del

endringar i måten rypeer vert forvalta på og korleis jakta vert gjennomført. Blant anna er ulike former for avgrensingar som dagskvotar, årskvotar, innkorting i jakttider og avgrensingar i tal selde jaktkort blitt langt meir vanleg, og enkelte område har begynt å stenge for rypejakt når bestanden er liten. Endringar i samfunnet generelt, ikkje minst kjøpekraft, men også endringar i jaktmønster, vil kunne gje endra lokaløkonomiske verknader for aktørar innan jaktturisme og hytteutleige, i tillegg til kjøp av forbruksvarer, mat og liknande. I 2015 hamna rypeer på Norsk Raudliste for artar, med status som «nær truga». Raudlister er eitt av fleire grunnlag for å skaffe fram meir kunnskap om årsaker til registrert bestandsnedgang og vurdering av tiltak for å stoppe uønskt bestandsutvikling. Truleg vil avgrensa jaktuttak vere eit viktig forvaltningsverktøy framover. For å få oppdatert kunnskap om korleis jegerane har respondert på desse endringane må det gjerast ei komparativ undersøking blant rypejegerar. Det er ønskeleg å sjå på utviklinga i viktige parametrar, som synet på ulike former for reguleringar, tidsbruk på rypejakt, reisemønster og forbruk under jakta. Det er ønskeleg å gjennomføre ei landsomfattande spørjeundersøking blant rypejegerar som i stor grad, med nokre modifikasjonar, byggjer på spørsmåla som vart brukt i 2007. Undersøkinga vil vidare knytast nært opp til prosjektet «Bærekraftig småviltforvaltning som grunnlag for verdiskapning og næringsutvikling», finansiert av Regionalt Forskningsfond Midt-Norge for perioden 2015-2018. Sentralt i dette prosjektet er utvikling av nye modellar for næringsutvikling knytt til rypeforvaltninga. Av ein totalt kostnad på kr 950.000, er det søkt 15 fylkeskommunar om tilskot på til saman kr 150.000.

Vurdering: Rype er ein viktig jaktbar art i Hordaland. Prosjektet er landsomfattande, og vil i tillegg til undersøking i Hordaland ha overføringsverdi for rypeforvaltninga i fylket.

Konklusjon: Det vert føreslått å støtte tiltaket med kr 10.000 som omsøkt.

5.7 NINA: Raudrev på Hardangervidda

Avlsprogrammet for fjellrev har på få år vist seg som det mest effektive tiltaket for å reetablere utdøydd bestandar og styrkje bestandar med få individ. Sidan 2007 er det sett ut 319 fjellrevkvalpar fordelt på Dovrefjell, Finse, Junkern i Rana, Sylane og Hardangervidda. Det har på få år lukkast å reetablere bestandar i Dovrefjell, Finse og Junkern, noko som har resultert i meir enn 600 villfødde kvalpar. Utsetjingar på Hardangervidda starta i 2014 og det er til no sett ut 87 kvalpar der. I 2015 vart det minst éin yngling på Hardangervidda, og i tillegg tyder observasjonar på utvandring til Setesdalsheiane. På Hardangervidda er det registrert meir en 205 gamle fjellrevhi som vitnar om at området historisk truleg hadde ein av dei største fjellrevbestandane i Skandinavia. Ei av dei viktigaste utfordringane for å re-etablere fjellrev på Hardangervidda er utbreiinga til- og konkurranse med raudrev. NINA søkjer om midlar til å få eit mål på tal raudrevar i høve til fjellrev i området. Dette vil gje moglegheit til å kunna vurdere utsetjingsmetodikk og eventuelle tiltak. Innsamla data vil òg nyttast i det NFR-støtta prosjektet ECOFUNC der høgare skoggrense og raudreven sin ekspansjon opp i høgfjellet er sentrale tema. Ei viktig målsetjing er å utvikle verktøy som kan gi råd om framtidig forvaltning av høgfjellet. Slike verktøy kan bli viktige bidrag i planlegginga av gode bevaringsprogram og tiltak for restaurering av landskap og artssamansetting. Prosjektet går frå 2016 til 2019. For 2017 er det søkt om tilskot til prosjektet på totalt kr 235.000, som skal gå til løn, DNA-utstyr og -analysar og transport. Det er søkt kvar av fylkeskommunane Buskerud, Telemark og Hordaland om kr 45.000.

Vurdering: Fylkeskommunen fekk tilsvarende søknad i 2016, men vurderte då at tiltaket primært er eit fjellrevtiltak. Vi har same vurderinga no, men tiltaket i år er å gjere DNA-analysar av raudrev, og prosjektet gir relevant kunnskap om tal og utbreiing til raudrev.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot på kr 45.000 til prosjektet i år.

5.8 NINA: En levende kyst - samspill oter, mink og sjøfugl

Formålet med prosjektet er å følgje reetableringa av oter på Sørvestlandet og korleis oter har ein bestandsreduserande effekt på mink. Dersom ein aukande oterbestand fortrengrer minken, vil dette kunne ha positive effektar på sjøfuglbestandane i områda der oteren ekspanderer. Det er ønskeleg å studere dette ved bruk av viltkamera på markeringpunkt for oter og mink ved dagleier/hi og ferskvasskjelder i ekspansjonsfronten for oter langs ein fjord-kyst gradient i Sunnhordland samt langs ein sør–nord gradient langs kysten frå ekspansjonsfronten til eit etablert oterområde ved utløpet av Sognefjorden. Reetablering av

oter kan tenkjast å vere eit kosteffektivt tiltak for å redusere minkbestanden og dermed leggje til rette for ein reetablert sjøfuglfauna. I tillegg til eigenfinansiering på kr 150.000 i prosjektet i 2017, er det søkt om vilttilskot på kr 22.000 frå fylkesmannen i Hordaland og kr 26.000 frå Hordaland fylkeskommune, og det same frå fylkesmannen og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane. Ny søknad vil fremjast årleg for åra 2018-21.

Vurdering: Prosjektet vil bidra til å få betre kunnskapsunderlag for forvaltning av haustbare, ikkje truga viltartar, som mink og mange sjøfuglartar.

Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilskot på kr 25.000 til prosjektet i år, mot omsøkt kr 26.000..

5.9 NINA: Forstyrrelse på dyreliv – WEBbro til forvaltningen

NINA har søkt om tilskot for å bygge opp ein WEB-database som syntetiserer studiar rundt forstyrning av dyrelivet knytt til menneskeleg ferdsel. Det er ei målsetting å gje forvaltninga meir direkte tilgang til resultat frå enkeltstudiar. Web-basen vil vere søkbar på art, artsgrupper, type forstyrningar m.m.. Det skal lagast spørjingar som gir kort veg til resultat frå enkeltstudiar, samt syntesar/samanstillingar av desse. Ein ønskjer med dette å bidra til å byggje bru mellom forskning og forvaltning. Databasen vil sikre påbygging av kunnskap etter kvart som ny kunnskap kjem til. Prosjektet vil ha fire arbeidsfasar: 1) Etablere konsensus rundt tolking av konsekvensar av forstyringsstudiar, oppsett av databasestruktur. 2) Etablere databasestruktur (definere innhald) og webplattform. 3) Systematisere resultatata frå vitskapelege studiar. 4) Vedlikehald og oppdatering av databasen. Det er søkt om tilskot til dekking av løn for arbeidet. For 2017 er det søkt Miljødirektoratet om kr 500.000, og kr 30.000 frå kvart fylkesmannsembete og fylkeskommune i landet. I følgje søknaden kan det bli aktuelt med tilleggssøknad i 2018.

Vurdering: Prosjektet ser i utgangspunktet interessant ut, i og med tanken om å leggje til rette for lettare/betre tilgang til miljødata for forvaltninga gjennom ein WEB-database. Prosjektet har nasjonal karakter, og det er mykje som er uklart om databasen, som struktur og finansiering av drift/ajourhald. Det bør avklarast på sentralt nivå om det er føremålstenleg med ein slik database, og i tilfelle kva innhald den skal ha.

Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilsegn om tilskot på kr 20.000 til prosjektet i år, mot omsøkt kr 30.000. Tilsegna bør gjevast med atterhald om at databasen faktisk blir bygd.

5.10 NJFF-Hordaland: Kvinneaktiviteter 2016

Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland (NJFF-Hordaland) har i fleire år drive aktivt for å få fleire kvinner interessert i jakt, fiske og friluftsliv. Sidan midten av 1990-åra har fylkeslaget hatt eigen kvinnekontakt i fylkesstyret, og laget har eige kvinneutval, der kvinnekontakten er leiar. Arbeid for å få opp kvinneaktivitetane har vore høgt prioritert i NJFF-Hordaland dei siste åra, og har resultert i fleire kvinnelege jegerar og fiskarar. I dag er rundt ein tredel av jegerprøvekandidatane i bynære strøk i Hordaland kvinner.

Kvinnekontakten gjennomførte i 2016 fleire kurs og samlingar for kvinnelege jegerar. Det er planlagt tilsvarende samlingar i år. Arrangementa er opne for alle kvinner, også ikkje-medlemmer. Informasjon om arrangementa vert spreidd gjennom avisannonser, heimesider på internett, fylkesblad og via e-post m.m. I søknaden er det ført opp kr 20.000 i utgifter til jaktkort og overnatting og total kostnad for tiltaket på kr 30.000. Sjølv dekkjer NJFF-Hordaland kr 15.000. Søknaden er også sendt til fylkeskommunen under tilskotsordninga til friluftaktivitet.

Vurdering: Tiltaket er positivt for rekruttering av kvinner til jakt og fiske og tilhøyrande friluftsliv. Etter samordna søknadsbehandling er det føreslått å støtte tiltaket under tilskotsordninga til viltformål.

Konklusjon: Det vert føreslått eit tilskot på kr 10.000 til tiltaket.

5.11 NJFF-Hordaland: Infoblod om jakt og fiske - infoside internett

NJFF-Hordaland har dei siste 18 åra gitt ut eit *informasjonsblad om jakt og fiske* to gonger årleg. Bladet har eit opplag på 6500 og vert sendt gratis pr. post til alle kommunar i fylket, til offentleg miljø- og

landbruksforvaltning, alle aviser, lokalradio, media elles i fylket, til lokallag av NJFF, til andre jeger- og fiskarlag i fylket, til sportsbutikker i fylket, til alle medlemmer av NJFF i fylket, samt til medlemmer i fiskeklubben for barn i fylket m.fl. I bladet når ein ut til dei fleste jakt- og fiskeinteresserte i fylket med informasjon om t.d. lover og forskrifter for jakt og fiske, om kurs, informasjon om aktuelle saker som vedkjem jakt- og fiskeinteresserte, informasjon om arrangement for barn og mykje meir. Det er gratis for offentlig forvaltning, kommunar osv. å bruke bladet til å spreie informasjon, og dette har skjedd jamleg. Bladet går i 2017 inn i sitt nittande år. Då bladet vert sendt ut til så mange adressatar (ca 6000) to gonger årleg, og då bladet er på 16 sider, har NJFF-Hordaland store trykke- og portoutgifter knytt til utgjevingane. Det er ønskjeleg å gje ut to nummer også i 2017, i juni og desember.

Sidan hausten 1998 har NJFF-Hordaland også drive ei *informasjonsside på internett* om jakt, fiske, friluftsliv, forvaltning, miljø etc. I 2014 fekk NJFF ny nettportal, som er oversiktleg og brukarvenleg. Sida vert oppdatert jamleg og inneheld mykje aktuell informasjon, blant anna frå offentlig forvaltning. Fylkessekretæren brukar ca 200 timar pr. år på oppdatering av sida. NJFF-Hordaland har i tillegg ei eiga Facebook side som vert brukt aktivt.

Søknaden viser ein totalkostnad på kr 120.000, derav kr 60.000 til løn, kr 35.000 til trykkerikostnader og porto og kr 25.000 til fotoutstyr og diverse. NJFF-Hordaland dekkjer sjølv kr 75.000 frå eigne midlar.

Vurdering: Det er gitt tilskot til tilsvarande søknad sidan 2010.

Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilskot på kr 40.000, mot omsøkt kr 45.000.

6 Andre vurderingar - Naturmangfald

I følgje naturmangfaldlova § 7 skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 vurderast ved utøving av offentlig myndede som påverkar naturmangfaldet, medrekna tildeling av tilskot. I naturmangfaldlova § 5 (forvaltningsmål for arter) er målet at artane og deira genetiske mangfald skal ivaretakast på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet skal også artane sine økologiske funksjonsområder og dei andre økologiske føresetnadene som dei er avhengige av ivaretakast. Dette forvaltningsmålet gjeld ikkje for framande organismar.

Formålet med tilskotsordninga til viltformål er, som nemnt i kapittel 3, nettopp å bidra til oppretthalding eller betring av miljøtilstanden. Det vert då også vurdert at ingen av søknadane som er føreslått støtta er i konflikt med nokon av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova.

7 Oppsummering

Av dei 11 søknadane i år om tilskot til viltformål, er det føreslått å gje tilskot til 8 av søknadane som vist i føreslåtte vedtak i saka. Det må uansett lagast tilsegnsbrev med vilkår for utbetaling av tilskot, der det blant anna vil framgå at tilskotet kan bli avkorta om tiltaket ikkje vert gjennomført i samsvar med prosjektplanen og vilkår i tilsegnsbrevet. For at dette skal vere klart, er det føreslått å ta med i vedtaket at vilkår for utbetaling av tilskot vil framgå av tilsegnsbrev. Føreslåtte vedtak om tilskot betyr at heile potten til fylkeskommunen i 2017 vil bli fordelt.